

## **Gunnhild Bremer: 2. søndag i openberringstida – Preikebetraktning**

E Matteus 3, 13-17 Jesu dåp

L1 Jesaja 42. 1-6 Eit lys for folkeslaga

L2 Apg 18, 24-19,7 Dåp/undervisning/Den heilage ande

Av Gunnhild Roaldsnes Bremer, sokneprest i Valderøya sokn. Ho er tidlegare utsending for Wycliffe i Etiopia, og har vore medarbeidar i Ungdom i Oppdrag i Sør Afrika, og ansatt i NMSU.

I openberringstida er det tradisjon for å aktualisere kyrkja sitt ståande, globale oppdrag om å gjere disiplar av alle folkeslag. Misjonsbodet frå Matteus 28,18-20 er også dåpsbodet. Dåpsliturgien minner oss på at vi er meir enn den lokale kyrkja - vi er med i den verdsvide kyrkja. Det gjer at openberringstida også er ei tid der vi kan undre oss over, og glede oss over mangfaldet i det store fellesskapet. Eg tenker om ei preikebetraktning at det er som ei handfull markblomster plukka langs vegen. Du kan sjølv sette saman buketten av blomar slik det passer i din samanheng.

### **Inn i teksten ved hjelp av sansane**

Til å byrje med gå inn i forteljinga om Jesus dåp ved hjelp av sansane: Kva ser vi, luktar vi, sansar vi med hendene, kva høyrer vi? Undre dykk saman. Kva betyr det vi sansar? Å nytte sansane og forestillingsevna er ein måte å verte samtidig med teksten på, som kan legge til rette for eit ferskt møte med Ordet.

Kjenn med hendene at vatnet er vått. Knytt forteljinga om Jesu dåp til dåp i din lokale kyrkjelyd. Bruk døypefonten – om det er dåp den søndagen eller ikkje. Gjer eit poeng av dåpsvatnet. Aus vatnet opp med handa frå skåla, og la det sildre ned igjen i døypefonten. Jesus var òg døypt, slik fleire av oss er døypt. Vatn gjev mange assosiasjonar. Det peiker på skapinga. Det er ei påminning om Guds kjærleik for alt det skapte. Reint vatn er noko vi alle treng tilgang til. Jesus vart fødd som ein av oss. Som menneske var han og tørst, og trengte drikkevatt.

Høyr Gud sine ord til Jesus. Gud seier i v. 17: «Dette er Son min, han som eg elskar, i han har eg mi glede.» Gud uttrykker sin kjærleik til Jesus i reine ord. Gud sitt utsegn til Jesus er ikkje basert på prestasjon. Kjærleikserklæringa kom før Jesus gjorde eit einaste mirakel eller held ein av sine fantastiske taler. Det var basert på relasjonen mellom dei to. Vi kan gå inn i forteljinga med fantasien, stille oss ved Jesus si side og høyre desse orda. Kva gjer dei med oss? Korleis tek vi dei i mot?

Sjå dua. Kva farge er den? Kjenn lufttrykket frå vengeslaga. Dua representerer kjærleiken og fellesskapet mellom Faderen og Sonen. Det er denne relasjonen vi blir invitert inn i dåpen, i sameininga med Kristus. For ei fantastisk gåve! I dette fellesskapet er kjelda til kjærleik, glede, fred – ja alle anden sine gåve.

Smak og lukt på vatnet. Ta ein slurk med fersk vatn. Kjenn etter kor godt det gjer. Kjenn etter at du var tørst, og tørsten er sløkka. Takk for reint vatn.

### **Eit fridomspektiv på Jesus dåp**

Kva betyr Jesus sin dåp? Nytestamentslæraren N.T. Wright legg vekt på å forstå Jesus sin dåp i lys av Israelsfolket sin utgang av Egypt. Jesus gjenopplever deira forteljing. Utgangen frigjer folket frå slaveriet dei var under. Dei er ikkje lenger slavar, men Gud sine barn. Fridomen har ein hensikt. No er dei fri til å tene og å lovprise Gud.

Forteljinga seier noko om mennesket sitt djupe ønske om å vere elska. Gud møter denne lengselen om å bli sett, å vere elska og å høyre til. Med utgangen om Egypt som klangbotn kan denne forteljinga minne oss om vår lengt etter fridom som gjer oss i stand til å velje å tene og å tilbe Gud. Slik Jesus sitt liv er eit eksempel på. Det er ein tørst som er lagt ned i oss. Her kan vi ved å fortsette å bruke vatn som metafor stille spørsmåla: Legg vi merke til tørsten? Veit vi kva som sløkker tørsten?

**Å Vitne om det vi har sett og høyrte er eit grunnleggjande element i oppdraget.** Dei første læresveinane vitna om det dei hadde sett og høyrte (1. Joh, 1,1-4). Ved å leve oss inni forteljinga ved å bruke sansane opnar det seg ei moglegheit til å erfare eit møte med Jesus, med Ordet, når vi vert samtidige med teksten. «De skal vere mine vitne», sa Jesus til vennane sine i Apg .1,8. Forteljinga om Jesu dåp minner oss på kva dei gode nyhendene er – både der og då og her og no. Det er m.a. Guds omsorg, Jesus si frelse frå det som binder oss og hindrar oss i å tene Gud, og den kjærleiksfulle relasjonen til Gud. Ei erfaring av den gode budskapet i Ordet kan motivere oss og kyrkjelyden til å dele vidare noko av det vi har sett og høyrte. Slik dei første læresveinane gjorde

### **Oppdag korleis Jesu dåp er feira i den globale kyrkja**

I den ortodokse kyrkja i Etiopia er Jesu dåp feira som ein heilagdagen Timkat 19./ 20. januar. Gudstenesta skjer utandørs ved morgongry. Den vert feira ved den viktigaste vasskjelda i området. Alle evangelietekstane om Jesus dåp blir lest. Det skjer og ei dåpsminning i gudstenesta ved at alle vert sprinkla med vatn, og nokon dei badar i kjeldene. Denne dagen vert vasskjelda velsigna. Ved eit enkelt søk finn du bilete og videoar av Timkat. I vår gudsteneste kan ein ha dåpspåminning som ein del av bønemandring. Da kan ein teikne krossmerke i handa med dåpsvatnet. Ved ein anna post kan ein be ei bøn om velsigning for vasskjeldene i området.

**Jesu dåp i Jordanelva minnar oss på viktigheita av tilgang til reint vatn.** I preika eller som del av bønnevandringa kan du dele ei håpsforteljinga frå den verdsvide kyrkja.

Tilgang til reint vatn er berekraftsmål nr 6. Dua i forteljinga minner oss om kjærleik og Den heilage Ande som bygg fellesskap. Berre i fellesskap kan vi løyse dei utfordringane vi står ovanfor i f t tilgang til reint vatn.

Løft fram ei forteljing om håp frå eit prosjekt om vatn i Kirkens Nødhjelp og/eller dei 7 organisasjonane i Samarbeid menighet og misjon, evt eit lokalt prosjekt. Eg har leita fram nokre prosjekt. Fleire finns på nettsidene til organisasjonane.

Kirkens nødhjelp: Tilgang til reint drikkevatt og gode sanitær forhold ved skuler auker sjansen for at jenter får utdanning.

I vårt sokn støtter vi NMS og Himalpartner. I Etiopia driv den lokale kyrkja landsbyutvikling med støtte av NMS. Her er tilgang til reint drikkevatt, og tilgang til vatn i jordbruket ein sentral del. Det gjev moglegheiter til å produsere eit overskot av varer til sal, og ikkje berre til sjølvberging. I Estland driv kyrkja konfirmasjonsopplæring og dåpsopplæring for folk i alle aldrar. I fleire generasjonar fekk kyrkja ikkje fekk lov til å undervise barn og unge. Tørsten etter Gud er levende.

I Nepal har Himalpartner bidratt til utbygging av vasskraft. Det mogleggjer industriutvikling, skaping av arbeidsplassar, og mindre bruk av fossilt brensel som tilsaman er med å løfter menneske utav fattigdom.

Sjekk ut dei andre organisasjonane sine nettsider for aktuelle håpsforteljingar knytta til vatn.

- Stefanusalliansen
- Israelsmisjonen
- Areopagos
- Misjonsalliansen
- Normisjon

### **Til bønnevandring**

- Teikne krossmerket i handa frå døypefonten, eller frå ei stor skål med vatn
- Ta med bibelvers med tema vatn/kjelde til liv
- Tenn lys og be for eit av prosjekta – gjerne med eit illustrasjonsbilete om vatn.
- Ta med vatn og bilete frå lokale vasskjelder.

- Teiknestasjon om Jesu dåp.
- Takkestasjon for alt som har med vatn å gjere – bading, drikkevatn, reingjering, badstu etc.